



Eirik Øvreeide
Rekvesvegen 107
5708 Voss

Dato: 21.12.2017
Vår ref.: 2016/9012-206
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.:

Rekve mylna, Voss – Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 71. Omdisponering av tildelte midlar

Vi viser til brev av 27. november 2017, der det vert søkt om omdisponering av ein del av tilskotet til istandsetting av Rekve mylna. Gjennom tilskotsordninga for freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap vart mylna i 2017 tildelt kr 200 000,- til istandsetjing av det tekniske utstyret.

Søknaden om omdisponering vert grunngjeve med at ein enno ikkje har fått tak i kvalifiserte handverkarar som kan laga turbinar og vasshjul, slik at det har tatt lengre tid enn venta å koma i gang med dette. Samstundes er det trong for midlar til istandsetting av eldstader og pipe, jf. krav frå brannvesenet. Her har Gjensidigestiftelsen tildelt kr 30 000,-, av ein estimert totalkostnad på kr 87 375,- For å fullfinansiera dette arbeidet vert det difor søkt om å omdisponera kr 57 375,- av dei tildelte midlane.

At eldstader og pipe er i forsvarleg og brukbar stand er viktig både av tryggleiksomsyn og for bruken av bygget. Vi sluttar oss til at dette er eit naudsynt tiltak som det er naturleg å prioritera. Omdisponeringa vil sikra at tilskotet frå Gjensidigestiftelsen lettare kjem til nytte og gjeld dessutan berre ein mindre del av dei tildelte midlane.

Hordaland fylkeskommune godtek difor søknaden om omdisponering, og kr 57 375,- av tilskotet for 2017 kan nyttast til istandsetting av pipe og eldstader.

Vi gjer merksam på at fylkeskommunen må kontaktast før ein set i gang med istandsettinga av pipe og eldstader, for å sjekka om det er trong for nærmere avklaringar av detaljutføringa.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Erlend Hofstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.